

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 20.11.2022  
**SAKSHANDSAMAR:** Agnes Landstad  
**SAKA GJELD:** **Vurdering av administrerende direktør og regulering av lønn 2022**

**ARKIVSAK:** 2019/8646  
**STYRESAK:** 134/22

**STYREMØTE:** **07.12. 2022**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Administrerende direktør si lønn blir regulert opp med x % med verknad frå 1. januar 2022.

## Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Det høyrer til styret å fastsette lønn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

## Fakta

I styremøte 23.03.22 – sak 035/22, vedtok styret instruks for styret og instruks for administrerende direktør i Helse Vest RHF. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerende direktør.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteken i styremøte 22. juni 2011 – sak 079/11. Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør er utfylt elektronisk av styremedlemmene i forkant av styrebehandlinga, og oppsummering er sendt ut til styremedlemmene i forkant av møtet.

## Kommentarar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein visar til Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd. nr. 1 som mellom anna har til formål å gi moglegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:

**Vedlegget er u. off. jf. offentleglova § 14 første ledd**

Oppsummering - Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør.